



Det er ein liten sensasjon når det kjem ein mann i Cafe TI-aren. Her er Kristian Bringedal saman med Berit Harriet Døssland, Berit Myklebust og Selma Eik tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Besøkstala i Cafe TI-aren, som Uskedalen Utvikling driv, har vore litt varierende på nyåret. Heilt konkret har det svingt mellom 17 og 32, men vertskapet er godt fornøgd. Og på årsmøtet i UU tysdag kveld fekk dei som starta og har stått føre dette tysdags-tiltaket skikkeleg ros.

Dette er besøkstala på dei sju opningsdagane så langt i 2008: 17, 19, 25, 29, 32, 32 og 20. Dette blir eit snitt på vel 23. Salsinntektene (alt kostar 10 kroner) har variert mellom 440 og 1.025 kroner. Toppen vart nådd den 12. februar, då det kom ein delegasjon frå Odda. Dei sette stor pris på melkekakene som nærmast måtte masseproduserast denne dagen!

Det er styremedlem i UU Klara Bakke som har vore den fremste pådrivar i dette prosjektet og av årsmeldinga hennar gjekk det fram at 18 damer frå heile bygda melde seg og vart med på dugnaden då den starta midt i september. Klara streka under at kafeen er meint å vera ein sosial samlingsplass, open for alle. Og folk har kome dit frå øvst i dalen til Eiklandet. På den måten har kafeen også knytt bygdefolket saman. Viktigst av alt er at gruppene som står for serveringa ikkje har lov til å overgå kvarandre når det gjeld mat og kakar.

Fram til årsskiftet varierte talet på besøkjande mellom 11 og 40 personar. Og kafeen går med overskot. Det er seld for 10.281 kroner og ved årsskiftet hadde tiltaket 16.630 kroner i pluss. Men då er ei gåve frå banken på 25.000 kroner rekna inn. Det er kjøpt kvitevarer og anna kjøkenutstyr for vel 14.000 kroner.

Avtroppande styremedlem Michael Røssland var full av ros under årsmøtet. Han peika på at bruken av Gamleskulen har vore eit problem gjennom mange år og då Elin Enes la ned vart det akutt igjen. Men no er TI-aren kome i gang som eit svært positivt tiltak og ein fin måte å nytta lokalet på.
- Dette er det beste vi kunne ha klart, sa Røssland.

I opningstida denne tysdagen hadde kafeen besøk av Kristian Bringedal som mellom anna tok opp eit ynskje om å få opp noko på dei stort sett nakne veggane.

Han kom med forslag om at "hovudveggen" får ei permanent samling av til dømes 10 bilete frå Uskedalen teke av fotograf Kåre Tietz Nordahl, som har fotografert bygda frå mange vinklar.. Eigentleg var han tyskar, men under krigen vart han ein ivrig norsk patriot og måtte lide for det. Han vart mishandla av sine landsmenn med det resultat at synet vart svekka og han måtte slutta som fotograf i 1975. Han hadde "basen" sin i Balestrand der han også drfeiv turisthandel og kunstforlag. Bringedal fekk positiv respons på tanken om ein "Nordahl-vegg" også då han la den fram under årsmøtet.

Ein annan vegg kan til dømes få skiftande "utstillingar" av fotografi eller måleri som folk har liggjande heime.

Bringedal orienterte også om Frivilligsentralen sitt arbeid og "Den kulturelle spaserstokken".

Han noterte seg også eit sterkt ynskje om montering av varmpumpe i Gamleskulen og det formidla han vidare til årsmøtet tysdag kveld.

Av Ola Matti Mathisen